



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 21.01.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00 - 14:35

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv d. 13.01.15 og møtet var kunngjort i pressa 10.12.14.

Formannskapet hadde pause frå kl. 10:20 - 10:30, frå 11:25 - 12:00 og frå kl. 13:45 - 13:55.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og sektorsjef Anny Bastesen.
Økonomisjef Per Inge Olsen møtte til sak 07.
Kommuneplanlegger Kristin Nåmdal, gis-konsulent Niels Torger Granum og plansakansvarleg Alexander Helle møtte til sak 11.
Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes møtte til sak 12.

Rrotokollførar: Randi Hilland

Nils Marton Aadland
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2015	Godkjenning av møtebok
03/2015	Referatsaker
04/2015	Aktuelle saker
05/2015	Orientering av rådmannen
06/2015	Orientering om status kommunestruktur
07/2015	Økonomisk rapportering pr desember 2014 - med førebels prognose for 2014
08/2015	Kommunikasjonsgruppe i Meland kommune og private barnehagar
09/2015	Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden
10/2015	Høyringsuttale, Hordaland fylkeskommune - strategi for innfartsparkering fram mot 2030
11/2015	Kommuneplan, arealdel 2014-2026
12/2015	Arbeidsgiverpolitiske utfordringer og Mellomoppgjøret 2015

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 01/2015

FS - behandling:

Ordførar opplyste om at presentasjon av status/vidare planar for ny kyrkje/kulturhus frå "kyrkjenemnda i Meland" vert utsett til eit seinare møte.

Ordførar opplyste om at det var sendt ut ei ekstrasak og at den vert handsama før sak 11/2015.

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste med 1 ekstrasak vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Godkjenning av møtebok frå møte 03.12.14

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 03.12.14 vert godkjent.

Formannskapet - 02/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Møtebok frå møte 03.12.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2015.1	Klage på faktura/handsamingsgebyr
03/2015.2	Skatt på formue og inntekt pr 30.11.14

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Formannskapet - 03/2015

FS - behandling:

Sigmund Larsen ønske ei orientering om skriv 1.
Sektorsjef teknisk Anny Bastesen orienterte. Saka skal opp i møte i UDU.

FS - vedtak:

Meldingane og orienteringa vert tekne til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland		15/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Aktuelle saker

Formannskapet - 04/2015

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

Sigmund Larsen:

Prinsipiell sak - habilitetsproblematikk for medlemmer i formannskap og kommunestyre når kommuneplanen skal handsamast.

Organet sjølv tek beslutning om habilitet.

Rådmannen svarte at kommuneplan er på eit heilt anna nivå enn ein reguleringsplan.

Ordførar:

- Konkrete planar om butikk på Rossland. Utfordring er rekkefølgekrav frå Statens Vegvesen.
- Møte med Lie-gruppen - god næringsutvikling på Mjåtveit.
- Møtet med Fours AS - drøfta tur til Stavanger for å sjå på næringsutvikling i Stavangerområdet.
- Møte med Frank Mohn AS - god ordretilgang på Frank Mohn Flatøy.
- Møte med Sparebanken Vest og Industrilaget - lite nyetablering av verksemder i Nordhordland. Utfordring for grundere, vanskeleg å få tak i arbeidskraft.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		15/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Formannskapet - 05/2015

FS - behandling:

Det vart orientert om følgjande:

- Ny rektor tilsett på Meland ungdomsskule.
- Nyttårsmøte med fylkesordførar, der varaordførar og rådmann var til stades - fokus på oljenæring.
- Ny strategi for IKT Nordhordland.
Kjem opp som sak i kommunane i regionen.
- Gode tilbakemeldingar frå Seniorsamlinga - målet er å få tilsette til å stå lenger i jobb.
- Meland kommune er plukka ut til å vere med i Fylkesmannen sitt tilsyn for utskrivingsklare pasientar til heimetenesta. Dato for sjølve tilsynet er 3. og 4. mars 2015.
- Varsla politisk streik onsdag 28. januar mellom kl. 14:00 og 16:00. Utfordring i SFO - prøve å få til eit balansert uttak slik at SFO kan halde ope.
Ingen melding innan helse. God dialog med Fagforbundet.
- Sølvi Knudsen har sendt skriv der ho ber om svar på ein del spørsmål korleis kommunene handterte situasjon under uværet 10. og 11. januar.
Rådmann orienterte korleis hendinga som oppstod som følgje av uveret vart handtert.

Liste over "Prioritering krise-hending Meland sjukeheim" vart delt ut.
Hendinga er evaluert og manglar i beredskapsplanen fulgt opp.

Vi har gjort endringar i kriseleiinga med omsyn til korleis vi skal agera når meldt over som kan råke oss.

Vi kjem og til å fremje sak om innkjøp av aggregat til Meland sjukeheim.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		15/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Orientering om status kommunestruktur

Formannskapet - 06/2015

FS - behandling:

Rådmann orienterte om status kommunestruktur.

Utkast - Prosjektplan kommunane i region Nordhordland vart delt ut.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Økonomisk rapportering pr desember 2014 - med førebels prognose for 2014

Vedlegg:

Sum status regnsk-bud pr des 14

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Administrasjonen skal kvar månad leggje fram for formannskapet driftsrapport med økonomisk status. Rapport med driftsrapport med rekneskap og prognose per oktober 2014 følgjer vedlagt.

Kommentarar til driftsrapport (førebels) pr desember 2014:

Rapporten viser revidert budsjett for 2014, rekneskap pr desember 2014 (oppdatert pr 12. januar 2014) og prognose for året.

Vi rapporterer så langt netto meirforbruk slik:

- kr 1,0 mill på finansområdet
- Branntenesta kr 300.000,-
- Rosslund skule kr 200.000,-
- Heimetenestene kr 1,0 mill.

På følgjande områder ventar vi netto mindreforbruk:

- Meland Ungdomskule kr 0,8 mill
- Sagstad skule kr 0,7 mill
- Barnevern kr 1,4 mill
- Meland Sjukeheim kr 0,7 mill
- Kultur kr 150.000,- og
- PUK kr 550.000,-

I sum reknar vi så langt med at vi får eit mindre forbruk i forhold til revidert budsjett på kr 1,8 mill, og vi vil dermed kunne avsette kr 13,7 mill til disposisjonsfond i 2014, mot budsjettert kr 11,9 mill.

Det er framleis ein viss usikkerhet knytt til prognosen. Sjølv om tenestekområda så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer.

Skattinntekten nasjonalt er lågare enn estimert i statsbudsjettet. Pr november (tal for desember kjem ca 17. januar) viser tal frå KS ein vekst nasjonalt på 1,9% i skatteinntekten i 2014 samanlikna med 2013. Veksten i Meland kommune for 2014 totalt har vore svak i 2. halvår, og vi ender ut med ein vekst på 0,4% for året 2014 i forhold til 2013. Dette er betydeleg under revidert budsjett der vi rekna med ein vekst på 3,0%.

Lågare skatteinntekter enn budsjettet vert motsvart av høgare skatteutjæmningsmidlar. Om utviklinga nasjonalt i desember 2014 vert som pr november, kan vi vente oss reduserte skatteinntekter og rammetilskot med netto kr 2,0 mill. Dette er kr 300.000,- dårlegare enn estimert i førre rapportering pr oktober 2014.

For utfyllande kommentarar til kvart einskild tenesteområde, sjå vedlegg.

Det vert ikkje lagt fram statusrapport på investeringane no, då status og budsjettendringar på investeringar vart handsama i kommunestyret i desember 2014. Vi har ikkje ny og oppdatert informasjon å komme med etter dette.

Framlegg til vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr desember 2014 vert teken til vitande

Formannskapet - 07/2015

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

Budsjettrapport med prognose pr desember 2014 vert teken til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	- A10 , - &88, - 033	15/25

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Kommunikasjonsgruppe i Meland kommune og private barnehagar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Budsjetthandsaminga i haust har vist at det er trong for betre kommunikasjon mellom Meland kommune og dei private barnehagane. Då gruppeleiarane hadde møte med representantar frå dei private barnehagane 15. 12.14., kom dette også klart fram frå begge sider.

For å betre kommunikasjonen mellom Meland kommune og dei private barnehagane, blir det snarast etablert ei kommunikasjonsgruppe, samansett av representantar frå politisk leiing, administrativ leiing, private barnehagar og den kommunale barnehagen.

Føremålet med kommunikasjonsgruppa er å fremje samarbeid, samhandling og dialog for å sikre ei trygg og god teneste. Kommunikasjonsgruppa bør ha fire møter pr. år, og to av desse møta skal vere relatert til årsbudsjett og budsjettrevisjon.

Gruppa bør ikkje vere for stor, men likevel så stor at den er representativ. For at kommunikasjonsgruppa skal ha legitimitet bør den kommunale representasjonen vere frå den politiske og administrative toppleiinga.

Det bør veljast tre politiske representantar. Desse kan vere:

- Ordførar.
- Leiar ULK.
- Formannskapsmedlem frå eit av partia som ikkje er i posisjon.

Rådmannen blir beden om å peike ut inntil tre representantar. Dei private barnehagane peikar ut sine representantar – inntil fem personar.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei vurderingane som kjem fram i saka, og vel følgjande politiske representantar til kommunikasjonsgruppa mellom Meland kommune og dei private barnehagane.

- 1.....
- 2.....
- 3.....

Rådmannen og dei private barnehagane blir beden om å peike ut sine representantar til kommunikasjonsgruppa innan 15.02.15.

Formannskapet - 08/2015

FS - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet:

1. Ordførar
2. Leiar i Utval for levekår
3. Åshild Aamli

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet sluttar seg til dei vurderingane som kjem fram i saka, og vel følgjande politiske representantar til kommunikasjonsgruppa mellom Meland kommune og dei private barnehagane.

1. Ordførar
2. Leiar i Utval for levekår
3. Åshild Aamli

Rådmannen og dei private barnehagane blir beden om å peike ut sine representantar til kommunikasjonsgruppa innan 15.02.15.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 231, FA - D41	14/4684

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden

Vedlegg:

Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland sokneråd vedtok 9. desember 2014 følgjande framlegg til nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

Etter Gravferdslova § 21 skal kommunestyret fastsetje festeavgiftene etter forslag frå fellesrådet (=soknerådet i eittsokns-kommunar).

Askøy kommunestyre har vedtatt ei festeavgift frå i år på 500 pr år.

Kyrkjekontoret har lita bemanning og slit med kapasiteten til å ajurhalde grafredsregisteret. Dei skiv at kyrkjegardsadministrasjonen tek meir enn dei 20% stilling som vart nemnt i tenesteytingsavtalen frå 2010. Det kan lett dokumenterast at det går i snitt minst 2 dagar i veka, fordelt på to som jobbar med det – altså 40%.

Det bør absolutt vurderast å auke administrasjonen for kyrkjegarden. Dersom tilskotet frå kommunen ikkje vert auka, er auke i festeavgifta ein moglegheit for å løyse utfordringa på kort sikt. Vi syner ellers til vedlegget der argumentasjonen for å auka festeavgifta går fram.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

Formannskapet - 09/2015

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - Q52, FE - 120, TI - &13	14/4445

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Høyringsuttale, Hordaland fylkeskommune - strategi for innfartsparkering fram mot 2030

Vedlegg:

Høyringssak - saksgang

Strategi. Høyringsutkast

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune v/Samferdselsavdelinga har ved brev datert 21.11.2014 sendt framlegg til strategi for innfartsparkering fram til 2030 på høyring, med høyringsfrist 31. desember. Høyringsfristen er utsett til 22. januar, på spørsmål frå administrasjonen.

Ei tverrpolitisk arbeidsgruppe frå samferdselsutvalet har arbeidd med strategien, i lag med representantar frå administrasjonen i fylkeskommunen (Samferdselsavdelinga, Regionalavdelinga og foretaket Skyss). Kommunane i Bergensområdet har deltatt gjennom seminar i september 2014.

Strategien vil vere eit innspel til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Innfartsparkering skal bygge opp under måla i Nasjonal transportplan 2014-23 (NTP) og Regional transportplan 2013-2024 (RTP), om at veksten i persontransporten skal handterast med gange, sykling og kollektivtransport. Vidare gjeld målet i RTP om nullvekst i privatbilismen for Bergensområdet, og Kollektivstrategien for Hordaland legg til grunn at marknadsandelen for kollektivtrafikken skal aukast. Etablering av infartsparkeringsplassar er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å nå dei overordna måla.

Strategien slår fast at innfartsparkering er ein del av kollektivtilbodet, vel og merke lokalisert opp mot kollektivtrafikk med høg frekvens. Innfartsparkering er kobla til by- og regionstamvegnettet i Bergen og Bergensområdet. Den vedtekne Kollektivstrategien for Hordaland slår fast at kollektivtilbodet skal tilpassast dei store reisetraumane i fylket.

Målgruppa for innfartsparkering er dei arbeidsreisande som har det sentrale byområdet i Bergen som sitt målpunkt. Det er også sagt at potensialet for auka bruk av sykkel og gange inn til innfartsparkeringsplass er stort; etablering av sykkelparkering er eit rimeleg alternativ til bilparkering. Bruken av dei innfartsparkeringsplassane som fins i dag er kartlagt; kvar dei reisande kjem frå, kvar dei skal og belegg på plassane.

Kapittel 5, Mål og utviklingsplan, handlar om det overordna tilbodet som fylkeskommunen har ansvar for. Det står at utvikling av innfartsparkeringstilbodet skal baserast på observert etterspørsel og utvikling i folketalet. Det står også at «Vidareutvikling av innfartsparkeringstilbodet skal fokusere på færre, og større anlegg med høve til utviding». Såkalla «sambruksanlegg» kan etablerast i senterområde, under føresetnad av at behovet for innfartsparkering er reeelt. Reine innfartsparkeringsanlegg skal etablerast utanfor lokalsentra. Det blir lansert avgift på parkering ved senterområde og ved arbeidsplassar, for å få ned biltrafikken.

Vurdering

Målet om nullvekst i privatbilismen i Bergensområdet er eit særst ambisiøst mål. Ikkje minst utfordrande er det når strategien påpeiker at utbygging av innfartsparkeringsplassar er ressurskrevjande og må balanserasast mot nytte og andre tiltak for å auke kollektivandelen. Når det samstundes manglar ei større satsing på kollektivtiltak og trafikksikringstiltak utanom bysentrum/bynære strøk, kan måla synast noko urealistiske. Med mindre det er arealpolitikken i omlandskommunane til Bergen som skal redde situasjonen; i fleire av dei regionale planane og strategiane som enten er vedtekne eller under utarbeiding, lagar det seg eit inntrykk av nettopp dette.

For så vidt er det fleire gode prinsipp som er lagt til grunn for framlegg til strategi for innfartsparkering (og den vedtekne Kollektivstrategien) for Bergensområdet. Administrasjonen ser likevel store problem i at utfordringane i sentrale deler av Bergen / byområdet blir overført og lagt til grunn for nabokommunane. Det manglar ei vurdering av kva for strategiar som er eigna for nabokommunar, som ikkje er like tett utbygd som Bergen; her manglar vi god kollektivdekning og eit trafikksikkert hovudvegnett. Gang- og sykkelvegnettet langs fylkesvegane er omtrent ikkje utbygd, det er få regulerte fotgjengarkryssingar og dei skilta fartsgrensene er høge.

Vegeigar vil då heller ikkje ta ansvar for trafikksikringa, men ber innbyggjarane finansiere trafikksikringstiltak gjennom bompengefinansierte vegpakker. Å byggje fleire sykkelparkeringsplassar ved kollektivknutepunkt utanfor Bergen er lite eigna som strategi når gang- og sykkelvegnettet langs einfelts fylkesvegar manglar. Å styrke kollektivtilbodet i regionane kunne vore ein strategi i staden, men i følge Kollektivstrategien for Hordaland er det ikkje aktuelt for fylkeskommunen å styrke kollektivtilbodet utanom regionstamlinene. Så lenge Kollektivstrategien slår fast at Meland ikkje står for dei store reisestraumane, satser fylkeskommunen heller ikkje på eit godt kollektivtilbod i kommunen. Innfartsparkeringsstrategien er prega av dette. For Meland sin del blir då ikkje kollektivtransport eit betre alternativ enn i dag. Det tyder at kommunen ikkje kan bidra til å skape nullvekst i biltrafikken.

Dette i kontrast til innleiinga til strategien, der det står at arbeidsgruppa skal «utarbeide ein offensiv strategi». Det er vanskeleg å finne spor av denne offensive satsinga i den strategien som er sendt på høyring. Administrasjonen meiner at strategien dels låser fast dagens situasjon, dels gjer tilbakesteg. Den er perspektivlaus i høve til arealutviklinga og veksten som kjem i Meland. Det mest alvorlege i dette er at innfartsparkeringa på Flatøy ikkje blir vurdert som aktuell for andre enn Meland, og den er ikkje nemnt i kommentarane for Nordhordland (Kap. 5, Mål og utviklingsplan). Strategien inneheld heller ingen tilrettelegging for snøggått. Eit godt utbygd snøggåttnett er utan sidestykke når det gjeld effektiv persontransport og avlastning på vegnettet, og må vere ei særst framtidsretta satsing. Ny teknologi som er under utprøving og utvikling vil kunne gjere båttransport like «miljøvenleg» som buss- og banetransport.

Strategien kunne vore eit verkemiddel for gode løysingar også i nabokommunane til Bergen. Men då må den innehalde grep som sikrar ei mogeleg seinare tilrettelegging av innfartsparkering / kollektivtilbod i tråd med framtidig arealutvikling i kommunane, i tillegg til å løyse status quo for byområdet. Miljøvernepartementet («Den moderne bærekraftige byen» August 2013) har peika på at by og land er gjensidig avhengig av kvarandre; at Norge har ein bypolitikk tyder ikkje at alle skal bu i byar. Vekstkraftige distrikt er ikkje ei motsetning til gode vilkår for byane. Velfungerande byar og tettstader er nødvendige for livskraftige omland både i sentrale område og i utkantane.

Folkehelse: Strategien for innfartsparkering er utforma slik at den ikkje styrker folkehelsa i vesentleg grad.

Miljø: Strategien for innfartsparkering er utforma slik at den ikkje bidrar til meir miljøvenleg transport for Meland kommune sin del.

Økonomi: Strategien for innfartsparkering er utforma slik at innbyggjarane og utbyggjarane må finansiere tiltak som regional vegeigar og anleggseigar normalt burde ha ansvar for, då gang- og sykkelveg langs fylkesveg er ein føresetnad for all utbygging. Bompengar og rekkefølgekrev ved utbygging av bustad- og næringsområde er meint å løyse finansieringa. Dette fører likevel ikkje til betre kollektivdekning då overordna innfartsparkering og kollektivknutpunkt ikkje tek omsyn til utviklinga i Meland kommune.

Konklusjon

Meland kommune har teke del i dei fleste samarbeidsfora som har vore etablert ved utarbeiding av ulike planar og strategiar for Hordaland og Bergensområdet, både politisk og administrativt. Kommunen har søkt å påverke planleggjarane og regional planmynde til å lytte til problemstillingar utanfor Bergen sentrum, både i møta og ved høyringsuttaler. Det har ikkje lukkast. Det er ingen ting som tyder på at måla i klimaplanen for Hordaland vil bli innfridd.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune meiner at strategien for innfartsparkering fram mot 2030 ikkje oppfyller måla om klimavenleg utvikling. Strategien er eit forsvar for knappe satsingar på kollektivtiltak.

Formannskapet - 10/2015

FS - behandling:

Ordførar orienterte frå møte med Skyss.

Framlegg til tilleggspunkt i møte:

Flatøy er det trafikale knutepunktet i Nordhordland, og det må sikrast god kapasitet for innfartsparkering og kollektivterminaler der for å dempe privatbilismen mot Bergen. Det bør også vurderast mindre innfartsparkeringar nord og aust i Meland.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak og tilleggspunkt i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Meland kommune meiner at strategien for innfartsparkering fram mot 2030 ikkje oppfyller måla om klimavenleg utvikling. Strategien er eit forsvar for knappe satsingar på kollektivtiltak.

Flatøy er det trafikale knutepunktet i Nordhordland, og det må sikrast god kapasitet for innfartsparkering og kollektivterminaler der for å dempe privatbilismen mot Bergen. Det bør også vurderast mindre innfartsparkeringar nord og aust i Meland.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 141	14/458

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Kommuneplan, arealdel 2014-2026

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjennomgang og drøfting av status etter høringsperioden.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Formannskapet - 11/2015

FS - behandling:

Før handsaming av saka stilte Nils Marton Aadland, Sigmund Larsen, Rolf Hansen og Sølvi Knudsen spørsmål om eigen habilitet.

Nils Marton Aadland gjekk frå då formannskapet drøfta hans habilitet.
Formannskapet vedtek at Nils Marton Aadland er habil ved drøfting av saka.
Nils Marton Aadland tok deretter sete.

Sigmund Larsen gjekk frå då formannskapet drøfta hans habilitet.
Formannskapet vedtek at Sigmund Larsen er habil ved drøfting av saka.
Sigmund Larsen tok deretter sete.

Rolf Hansen gjekk frå då formannskapet drøfta hans habilitet.
Formannskapet vedtek at Rolf Hansen er habil ved drøfting av saka.
Rolf Hansen tok deretter sete.

Sølvi Knudsen gjekk frå då formannskapet drøfta hennar habilitet.
Formannskapet vedtek at Sølvi Knudsen er habil ved drøfting av saka.
Sølvi Knudsen tok deretter sete.

Kommuneplanlegger Kristin Nåmdal orienterte. Sektorsjef teknisk Anny Bastesen, gis-konsulent Niels Torger Granum og planansvarleg Alexander Helle tok del.

Uttale frå Fylkesmannen vart delt ut. Planføresegner 2014 for Meland kommune arealdelen av kommuneplanen vart delt ut.

Saka kjem opp på neste møte i formannskapet.

FS - vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 000	15/103

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015

Arbeidsgiverpolitiske utfordringer og Mellomoppgjøret 2015

Vedlegg:

Arbeidsgiverpolitiske utfordringer og mellomoppgjøret 2015 - Debatthefte

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Drøfting i møte.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Formannskapet - 12/2015

FS - behandling:

Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes og personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte.

Formannskapet kom med innspel til spørsmål stilt i debatheftet.

Skriv til KS vert sendt til formannskapet på e-post.

FS - vedtak:

Ordfører og administrasjonen får mandat til å formulere eit svarskriv til KS.